

Bilag 1.9



Statens vegvesen

Lindås kommune
Eksterne stabstenester
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	L12
02.07.2009	
Virk. saksnr.	2007/685/17703/2009
Saksnr.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest
Bergen distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2007/034185-004

Dykkar referanse:
2007/685-14332/2009

Vår dato:
30.06.2009

Reguleringsplan for Helleåsen på Apalen ved Hjelmås gnr. 202 bnr. 3 m.fl. - Lindås kommune - Offentleg høyring

Vi viser til Dykkar brev av 22.06.09 med framlegg til reguleringsplan for Helleåsen på Apalen ved Hjelmås i Lindås kommune. Statens vegvesen gav i brev av 21.03.07 uttale til melding om oppstart av planarbeidet. Vi sette då krav om utforming av krysset til utbyggingsområdet i forhold til handbok 017 Veg- og gateutforming. I det same brevet bad vi Lindås kommune vurdere om det var trong for andre trafikksikringstiltak i området som sikring av trygg skuleveg.

Vi registrerer at Lindås kommune no har kome med pålegg om at planområdet skal utvidast slik at det kan regulerast eit gang-/sykkelvegtilbod langs fylkesvegen fram til kryss med den kommunale vegen ved Hillesvågen. Statens vegvesen støttar kommunen i at det er stor trong for å sikre areal til eit trygt gang-/sykkelvegtilbod.

Etter avtale møttest Odd Høydalsvik frå Statens vegvesen og Atle Utkilen på staden den 18.06.09 for å drøfte om det var mogelege å finne ei enklare løysing enn bygging av eit samanhengande gang-/sykkelvegtilbod langs fylkesvegen. Framlegget frå Atle Utkilen var stenging av fylkesvegen for gjennomkøyring og nytte vegen som gang-/sykkelveg. Statens vegvesen kan ikkje akseptere ei slik løysing så lenge vegen har status som fylkesveg. Det er og trong for vegen som lokalveg utanom E39. Det vart peika på at det er mogeleg å gjennomføre fartsreducerande tiltak med eller utan fysiske tiltak (humpar) eller berre med skilting. Det kan og gjennomførast utbetringstiltak på dei strekningane som har den dårlegaste standarden. Statens vegvesen stiller seg open for drøfting om mogelege løysingar.

Plan og forvaltning - Bergen distrikt
Med helsing
Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr. 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5845 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52